




Det står att noko rydding..

**Lauvfallet er rett om hjørnet og dermed blir det mogeleg å nytta panoramaet frå Skårhaug. Men rett skal vera rett: Det ljosnar i Skårhaug. Fleire grunneigarar med ansvar for vegetasjonen som var iferd med å ta overhand har gjort ein innsats med rydding i seinare år. No kan ein sjå fleire sentrale delar av sentrum frå utsiktsplassen som. eigentleg er ei perle.**

Ein som har gjort noko er ikkje minst Knut Sjøwall, som har hogd mykje på sin grunn, med unntak av 3 bjørker. To av dei har han ikkje teke ned på grunn av nærleiken til eit uthus.



[Slik var det i 1920](#)

Sjøwall håpar at Friluftslaget også vil gjera ein innsats, dei har ein god del buskas på sin grunn som skyggar for utsikten. For berre å minna om gamle dagar: Då var Skårhaug ein framifrå utsikts plass der ein kunne nyta utsynet på fine sommardagar.



Slik var det i 2007

Men så såg ein i altfor mange år inn i ein grøn vegg. Og det var sterkt å beklaga, ettersom det er lagt fint til rette med bord og benkar rundt toppen. Det er ein stor fordel å rydda etter lauvfallet, påpeikar ein som har irritert seg over den grønne veggen.



[Slik er det i 2011](#)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen